

Planprogram- Rullering av kommuneplanens samfunnsdel 2023-2035



ULSTEIN KOMMUNE

www.ulstein.kommune.no

Innhald

1. Bakgrunn.....	3
1.1. Gjeldande kommuneplan.....	3
1.2. Kvifor ny kommuneplan?	3
2. Organisering	3
3. Føringer.....	4
3.1. Nasjonale føringer	4
3.2. Regionale føringer	4
3.3. Lokale føringer.....	5
4. Prioriterte satsingsområde	6
4.1. Vekst og nyskaping.....	6
4.2. Mangfald og innanforskap	8
4.3. Treffsikre tenester.....	9
4.4. Klimaomstilling og samfunnssikkerheit.....	11
5. Samanhengen mellom plandokument og verksemdstyring	12
5.1. Digitale verktøy	14
6. Areal- og transportstrategi	14
7. Medverknad.....	15
8. Framdrift.....	15

1. Bakgrunn

Planarbeidet er heimla i plan- og bygningslova (pbl). Lova seier at alle kommunar skal ha ein kommuneplan (pbl § 11-1). Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel.

«Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen.»

Samfunnsdelen skal omhandle utfordringar på lang sikt, med omsyn til miljø, mål og strategiar for kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen er grunnlag for overordna prioriteringar i arealdelen.

I plan- og bygningslova § 11-13 står det:

«For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet og gjerres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Fristen for å gi uttale skal være minst seks uker.»

1.1. Gjeldande kommuneplan

Gjeldande kommuneplan for Ulstein kommune består av samfunnsdelen som vart vedteken i 2017, sak PS 2017/5, og arealdelen som vart vedteken i 2019 i sak PS 19/29.

1.2. Kvifor ny kommuneplan?

I gjeldande kommunal planstrategi er det sagt at kommuneplanens samfunnsdel skal rullerast i 2022 og arealdelen i 2023. Gjeldande kommuneplan for Ulstein kommune er relativt ny (med vedtak frå 2017 og 2019) og er framleis gjeldande innan ulike felt. Rulleringa av kommuneplanen vert no gjort for å ta problemstillingar og drøftingar kring tema og strategiar som ikkje er i høve til dagens situasjon og dei utfordringane som kommunen no står ovanfor. Ein vil nytte mykje frå gjeldande samfunnsdel og ha fokus på å spisse planen som i dag er noko vid og altomfattande.

2. Organisering

Politisk styringsgruppe er Ulstein formannskap utvida med parti som ikkje er representert i formannskapet. Politiske vedtak til planprosessen vert gjort av Ulstein formannskap og Ulstein kommunestyre.

Arbeidsgruppa for planarbeidet er planforum som er prosjektgruppa for samfunnsdelen og arealdelen. Denne består av: Verner Larsen (kommunedirektør), Arne Runar Vik (kommunalsjef teknisk), Anita Sundnes (leiar for plan- og bygningsavdelinga), Gry Nordal (kommunalsjef oppvekst), Marit Botnen (kommunalsjef helse- og omsorg), Monica Cecilie Torp (kommunalsjef organisasjon og utvikling), Leif Ringstad (kultursjef) og Cecilie Roppen (planleggar).

3. Føringer

Kommunal planlegging er forankra i lovverk, statlege og regionale føringer og kommunale planar.

3.1. Nasjonale føringer

3.1.1. FNs berekraftsmål

Regjeringa har bestemt at FNs 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar. Det er derfor viktig at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.

Gjennom berekraftsfylket Møre og Romsdal har Ulstein i lag med alle dei andre kommunane i fylket forplikta seg til å arbeide med berekraftsmåla. Møre og Romsdal har som mål å verte berekraftsfylke nummer 1 i Noreg. Ulstein har i lag med resten av berekraftsfylket kartlagt berekrafta si gjennom eit globalt system utarbeidd av FN.

Ulstein kommune vil nytte resultatet frå kartlegginga inn i det vidare planarbeidet. Det vil også inngå i kunnskapsgrunnlaget for ei revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel og andre relevante planar.

Av dei 17 berekraftsmåla har kommunestyret i Ulstein vedtatt at vi skal fokusere på desse fire berekraftsmåla og nytte dei aktivt i det vidare planarbeidet:



- God helse og livskvalitet
- God utdanning
- Industri innovasjon og infrastruktur
- Berekraftige byar og lokalsamfunn

3.1.2. Anna lovverk og retningslinjer

- Plan- og bygningsloven
- Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- Folkehelseloven
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

3.2. Regionale føringer

- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2021-2024
- Regional planstrategi 2020-2024
- Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024
- Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstadar (rullering 2022)

- Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2021-2024
- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi (rullering 2023)

3.3. Lokale føringar

Ulstein – der baug bryt bære

Ulstein har sine røter, identitet og historie i det maritime miljøet frå starten med fiske og fangst til eit næringsliv med internasjonal spisskompetanse i den maritime klynga. Ulstein har også si framtid i verdiskapinga frå havromet. Kommunen og lokalsamfunnet viser gjennomføringskraft. Næringslivet og kommunen vil vere i tet i utviklinga innanfor sine område og har vilje og evne til saman å velje retning og skape utvikling for lokalsamfunnet.

Visjon

Ulsteinsamfunnet støttar innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.

I førre samfunnsdel sa vi at visjonen som er frå 2009 hadde behov for ei oppdatering. Det skulle startast ein ny visjonsprosess i 2018, slik ny visjon var klar til neste rullering av samfunnsdelen. Dette har ikkje blitt gjort og visjonen ligg difor framleis til grunn som ei lokal føring i lag med NORM-verdiane og styringsmåla våre. I det vidare arbeidet med samfunnsdelen vil vi sjå på og vurdere om det skal gjerast endringar på verdigrunnlaget vårt.

Verdigrunnlaget:

- *Nyskaping*
- *Omsorg*
- *Rausheit*
- *Mangfald*

Styringsmål:

- *Nøgde brukarar*
- *Motiverte og kvalifiserte medarbeidarar*
- *Godt omdøme*
- *God ressursstyring*

Andre kommunale planar som er styrande er:

- Kommunal planstrategi 2019-2023
- Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2029
- Kommuneplanens arealdel 2019-2031
- Levekårsplanen 2020-2032
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2015-2018
- Kommunedelplan for trafikktrygging (rullerast 2022)

- Klimaplan for Ulstein 2010-2014 (oppdatert handlingsdel 2019-2022)
- Kommunedelplan for landbruk 2021-2031
- Overordna ROS-analyse og beredskapsplan

Lista er ikkje uttømmende.

4. Prioriterte satsingsområde

Satsingsområda skal følgje opp kommunen sin visjon. Dei erstattar ikkje det breie og langsgåande arbeidet kommunen gjer på ulike samfunnsområde, men viser kva som skal ha særleg prioritet i valperioden. Dei skal også peike på forventningar kommunen har til samarbeid med andre myndigheiter, næringsliv og det frivillige Ulstein. Korleis satsingsområda skal følgjast opp avklarast gjennom arbeid med tiltak og prioriteringar i økonomiplanen, og gjennom temaplanar og strategiar.

Satsingsområda bør ha samfunns- og innbyggarperspektiv, ikkje sektorperspektiv. Dei skal gi føringar, ikkje berre for nye løyvingar, men også for kva område som skal skjermast ved behov for nedskjeringar og for korleis administrasjonen skal prioritere sitt arbeid.

- Vekst og nyskaping
- Mangfald og innanforskap
- Klimaomstilling og samfunnssikkerheit
- Treffsikre tenester

Satsingsområda er mellom anna basert på samfunnsanalyse for Ulstein 2020, folkehelseoversikta, kommunal planstrategi 2019-2023, oppvekstprofil 2022 og folkehelseprofil 2022.

Dei harmonerer godt med dei langsiktige utviklingsmåla som ligg i Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024, med FN sine berekraftsmål og med utfordringane vi har i Ulstein.

Planarbeidet skal baserast på eit kunnskapsgrunnlag med utgangspunkt i utviklingstrekk og utfordringar for Ulsteinsamfunnet og kommuneorganisasjonen. Som del av planarbeidet vil vi samle dokumentasjon og analysar knytt til satsingsområda og dei gjennomgåande temaa folkehelse, klima og miljø.

4.1. Vekst og nyskaping

Demografi

Framskriving av folketalet syner at Ulstein kommune truleg vil vekse. Ved hovudalternativet (middels nasjonal vekst) vil folketalet i Ulstein auke med like over 10 % fram til 2050. Medan med lav nasjonal vekst, så vil det auke noko fram mot 2032 før det snur og minkar fram mot 2050.

Ulstein kommune har den yngste befolkninga på Ytre-Søre, men framskrivingar viser at snittalderen gradvis vil auke i framtida. Det vil det bli færre barn og fleire eldre over 65 år. Færre barn skapar utfordringar for kapasiteten i skular og barnehagar.

I dag har 1,77 % av befolkninga i Ulstein demens, medan i 2050 meiner Nasjonalt senter for aldring og helse at 4,44 % av befolkninga i Ulstein vil ha demens. Dette vil skape utfordringar for samfunnet og helse- og omsorgssektoren i kommunen. At det vert færre innbyggjarar i arbeidsdyktig alder vil føre til lågare økonomisk vekst. Det vil bli eit aukande behov for helse- og omsorgstenester som gjer at kommunen må byggje opp kapasiteten og omorganisere seg. Her bør ein mellom anna å sjå på korleis ein betre kan samhandle for å få fleire til å bidra gjennom frivillig arbeid.

Arbeidsinnvandringa er særst avhengig av verftsindustrien, ei næring som dei siste åra har vore inne i ei omstrukturering. Krigen i Ukraina fører til fleire flyktningar, men ein veit ikkje kor lenge dei som vert busett i kommunen vil bli verande her. Det er i stor grad avhengig av utviklinga i krigen i Ukraina.

Næringsliv og sysselsetting

Ulstein er ein av dei største næringslivsregionane på Nordvestlandet. Mykje av omsetninga kjem frå industrien, som igjen er vesentleg etablert i maritim bransje og er ein viktig premissleverandør til den maritime klynga. Samtidig er næringslivet vårt, som vi har sett under finanskriser og pandemien, utsett for konjunkturar i samfunnet.

Basert på forskning er det vanleg innan offentleg næringsstrategi for urbane strøk å arbeide for ei næringsutvikling som over tid inneber auke i talet på arbeidsplassar tilsvarende halvparten av folketalsauken.

Om folketalsauken held fram utan at det vert skapt nye arbeidsplassar i Ulstein eller regionen, kan det medføre høgare arbeidsløyse. Men det kan også gje rom for nyetablering og vekst. Likevel er det klart at kommunen gjer det godt på nyetablering og at det er skaparvilje blant innbyggjarane. Målet er at dette skal resultere i nye arbeidsplassar og auke mangfaldet i næringsstrukturen i kommunen. Som igjen kan vere med på å gjere næringslivet mindre sårbart mot konjunktursvingingar.

Framtidas arbeidsliv vil gi utfordringar med å rekruttere kompetent arbeidskraft, skape sterke fagmiljø, meir tverrfaglegheit, samt ny organisering og oppgåvefordeling for effektiv bruk av ressursar på tvers av profesjonar. Mange er bekymra for stadig aukande kompetansekrav. Utvikling av heiltidskultur er også et sentralt tema. Bekymring for evne til innovasjon og å sikre digital kompetanse er ein annan.

Samarbeid mellom kommunen og næringslivet har vore viktig for utviklinga av Ulsteinvik og for framtidig rekruttering til arbeidslivet. Dette må vidareutviklast, og utstrekt bruk av teknologi vil vere ein viktig faktor i arbeidet.

Nyskaping

Ulstein kommune har siste åra satsa på digitalisering, gjennom teknologiskulen og bruk av velferdsteknologi. Målet med prosjektet Skaparhuset er ei unik samansmelting mellom skule, næringsliv og offentleg sektor, der ein saman kan løyse utfordringar og skape nye innovasjonar basert på teknologiske og digitale løysingar. Prosjektet er basert på samskaping mellom offentlege og private partar der ein inngår i eit likeverdig samarbeid. Samskaping er difor ein ressurs som kan løyse utfordringar i nærmiljøet.

I kommuneplanen skal vi:

Prioritere satsingsområdet «vekst og nyskaping». I det ligg det mellom anna å:

- vidareføre satsinga på 300 meters byen/5 minuttars byen
- styrke kommunens attraktivitet overfor næringslivet og deira utviklingsbehov
- vurdere om dagens rammer for næringsareal er føreseielege og finne løysingar som minimerer konflikter med andre omsyn
- vurdere inndeling av næringsområde etter prinsippet om “rett verksemd på rett stad”
- føre ein aktiv landbrukspolitik der jordvern står sentralt

4.2. Mangfald og innanforskap

Flyktnings situasjonen

I 2022 tok kommunen i mot og busette 136 flyktingar. Det har vore ei utfordring, og har sett store krav til dei som har arbeidd med det, men vi har fått det til på ein god måte. Organisasjonen, inkludert UEKF, har arbeidd godt saman på tvers for å få til god busetting.

Prognosane for 2023 er ein flyktingstraum på linje med 2022. Vi har fått spørsmål frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet om å busette 125 flyktingar i 2023. Det er flest barn, kvinner og eldre som flyktar og ikkje så mange menn i arbeidsdyktig alder. Dette skapar utfordringar spesielt i skulen. Både Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule nærmar seg maks på tal elevar. Flyktingane kjem oftast utan bil, og det er mest hensiktsmessig for dei å bu sentralt slik dei kan gå til og frå tilbod for opplæring, aktivitetar og butikkar, det gjer det utfordrande å busette i krinsane. Kommunen har ikkje nok ledige kommunale gjennomgangsbustadar og ein må difor ut på den private leigemarknaden. Dette kan gje positive ringverknadar for den private økonomien til innbyggjarane i Ulstein.

Ettersom det er mange barn som kjem vil det vere avgjerande å ha sterkt fokus på gode tiltak som gjev rask språkopplæring og god inkludering. Det vil også vere viktig med godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og frivilligsentralen, for å skape god inkludering også utanom skule og barnehage.

Utanforskap

Utanforskap handlar om menneskjer som ikkje har tilknytning til resten av samfunnet, for eksempel der dei ikkje tek del i arbeidslivet, ikkje tek utdanning eller dei manglar språkleg eller kulturell tilknytning til samfunnet elles. Sjukdom eller funksjonshemming kan også vere årsaker til utanforskap og utanforskap har sterk samanheng med sosiale forskjellar. Å føle utanforskap er det motsette av å føle fellesskap.

Høg kvalitet i skulen er viktig for å redusere utanforskap, ettersom dette kan gjere at fråfallsraten på vidaregåande skule vert lågare. Personar med låg utdanning har auka risiko for å stå utanfor arbeidslivet, og er meir sårbare for å falle ut av arbeidsmarknaden ved omstillingar.

Utanforskap kostar samfunnet store summar, samtidig som det gir redusert livskvalitet for den enkelte. Forskarar peikar på sektorisering og mangel på tverrfagleg samarbeid som grunnar til at vi ikkje lykkast med å forebygge utanforskap. Tidleg innsats er også viktig for å forebygge utanforskap. Innanforskap er ein folkebevegelse mot utanforskap som skal bringe folk saman, sjå på alle som ein ressurs og at mangfald gjer oss sterkare saman.

I kommuneplanen skal vi:

Prioritere satsingsområdet «mangfald og innanforskap». I det ligg det mellom anna å:

- legge til rette for at alle innbyggjarane kan vere aktive deltakarar i kultur- og fritidstilbod
- ha et inkluderande perspektiv inn i alle livets fasar for å skape tilhøyregheit, meistring og sjølvstendigheit
- vurdere strategiar og tiltak som bidreg til å utjamne forskjellar i helse og samfunnsdeltaking
- skape moglegheiter for å inkludere fleire i frivillig arbeid
- finne tiltak for tidleg innsats
- auke det tverrsektorielle samarbeidet

4.3. Treffsikre tenester

Digitalisering

Digitalisering i Ulstein handlar om å bruke teknologi til å tilby betre tenester til innbyggjarar, næringsdrivande og frivillig sektor. Det handlar om å tilby digitale tenester som er enkle å bruke, effektive og pålitelege. Det handlar også om å forenkle kvardagen for dei tilsette.

Kommuneøkonomi

Kommunesektorens økonomiske rammer er først og fremst avhengig av landets økonomi då hovudinntekter kjem frå skatt og rammetilskot frå staten. Kommunane har avgrensa moglegheiter for å sjølv påverke sine inntekter.

Lønnsauke, prisauke, sysselsetting og skatteinngang er viktige parameter for kommuneøkonomien. Så er det også eit individperspektiv inn i kommunen sitt økonomiske bilde. Korleis er privatøkonomien, korleis er summen av straumprisar og annan prisauke i tillegg til rentekostnadene? Og korleis er framtidsutsiktene for arbeidsplassar og aktivitet i

næringslivet. Med ei skatteinntekt per innbyggjar under landsgjennomsnittet, er utviklinga i Noreg samla meir avgjerande for kommunen sitt inntektsnivå enn aktiviteten lokalt.

Ulstein er ein av kommunane i landet med høgast gjeld, men vi driv effektivt og godt. Førsteplass på kommunebarometeret viser at vi gjer mykje rett. I tillegg har vi investert i mange gode og viktige prosjekt som til dømes Ulstein Arena og nytt bygg ved Ulsteinvik barneskule.

Sidan tidleg på 2000-talet har auka etterspørsel frå petroleumsverksemda og auka oljepengebruk gjennomgåande gitt kraftige stimuleringar til økonomien. Framover vil dette endrast. Etterspørselen frå petroleumsverksemda vil falle. Det blir mindre oljepengar å bruke, og resultatet vil bli lågare økonomisk vekst. Samtidig utfordrast statens og kommunesektorens økonomi frå utgiftssida. Ikkje berre eldrebølge, men også auka kostnader til å nedkjempe klimaproblem og eit betydeleg vedlikehaldsetterslep på infrastruktur og bygningar vil krevje auka ressursar. Kommunesektoren står for store delar av produksjonen av velferdstenester, og vil med trongare økonomi stå overfor tøffare prioriteringar i åra som kjem.

For å møte desse utfordringane er det særleg viktig at vi lykkast med å ta i bruk teknologiske løysingar, opprettheld eit sterkt fokus på tidleg innsats (forebyggingsaktivitetar) og at vi evnar å tenke nytt og meir kreativt i utforminga av tenestetilbodet. Lykkast vi med dette kan vi sjå positive effektar for kommuneøkonomien på lengre sikt.


Medverknad

Den kommunale organisasjonen har alltid avgrensa ressursar. Derfor må innbyggjarane, organisasjonane og verksemdene i lokalsamfunnet involverast i å skape framtidens Ulstein. Innbyggjardialog er ein føresetnad for samskaping – det å skape løysingar saman med innbyggjarane, heller enn for dei.

Brukarmedverknad handlar om å gje brukaren av kommunale tenester innflytelse.

Brukarmedverknad kan bidra til auka kvalitet og meir skreddarsydde tilbod tilpassa den enkelt sitt behov.

Når kompetansen og engasjementet blant innbyggjarane får påverke avgjerdsprosessane, vert avgjerdsgrunnlaget meir solid. Ein ønskt effekt av medverknaden er tillit mellom folk og folkevalde.



Figur 1: Medverknadstrappa, Illustrasjon: Steinkjer kommune

I kommuneplanen skal vi:

Prioritere satsingsområdet «treffsikre tenester». I det ligg mellom anna å:

- la økonomiske måltal vere førande for prioriteringane for å bidra til å oppretthalde solid økonomi
- arbeide med plansystemet for å tydeleggjere samanhengane mellom dei ulike planane og vurdere moglegheita for å inkorporere utvalde planar og strategiar for å konkretisere dei langsiktige måla i samfunnsdelen
- legge til grunn samskaping i teneste- og organisasjonsutviklinga av kommunens velferdstilbod
- avdekke kva behov og moglegheiter Ulstein kommune har for (formalisert) samarbeid med andre kommunar.


4.4. Klimaomstilling og samfunnssikkerheit

Klima, miljø og natur

Miljø og klima er eit sentralt tema i samfunnsdebatten og kommunen skal bidra til å oppfylle nasjonale målsettingar på dette området. Eit av vår tids største utfordringar er menneskeskapte klimaendringar. For å løyse klimaproblemet krevjast det innsats både frå kvar enkelt av oss, næringslivet og det offentlege.

På tampen av 2022 vart det inngått ein verdsomspennande avtale for å ivareta naturen. Naturen i Ulstein skal forvaltast slik at planter og dyr som finns naturleg sikrast i levedyktig bestand. Variasjon av naturtypar, landskap og geologi skal oppretthaldast. Ein langsiktig og fornuftig bruk skal sikre naturgodane vidare til framtidige generasjonar.

Samfunnssikkerheit og beredskap



Figur 2: Stormflo februar 2020 Foto: Svein Arne Orvik

Samfunnssikkerheit og beredskap vert påverka av utviklinga i vår eigen kommune og region, men også av nasjonale og globale utviklingstrekk. Covid-19 pandemien, som lamma eit heilt verdssamfunn, viser at dei globale utviklingstrekkka også treff Ulstein. Pandemien i seg sjølv har beslaglagt mykje ressursar, utfordra kommunens evne til å oppretthalde eit forsvarleg tenestetilbod. Og, sjølv om det er stor forskjell på å handtere ein akutt situasjon som ein storbrann og ein

pandemi, så er det mange likheitstrekk for beredskapen. Begge er hendingar med stort konsekvenspotensiale, handtering krev beslutningstaking under stor usikkerheit og kommunikasjonsbehovet til innbyggjarar og andre er omfattande. Begge hendingane utfordrar våre ros-analyser, beredskapsplanar, og kompetansen til beredskapsorganisasjonen.

Arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap må ta utgangspunkt i det utfordrings- og risikobildet vi står overfor, og samtidig vurdere kva samfunn vi ønsker å utvikle og leve i; kor stor risiko aksepterer vi i vår kommune? Samfunnssikkerheit og beredskap er eitt nødvendig innsatsområde for å ha gode planar for eit risikobilde i endring.

I kommuneplanen skal vi:

Vi skal prioritere innsatsområde «Sikkerheit i ei usikker verd». I det ligg det mellom anna å:


- oppdatere overordna beredskapsplan
- revidere eksisterande overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (OROS) og sikre at oppdatert risikobildet frå revidert OROS leggst til grunn for revideringa av arealdelen
- vektlegge ekstreme verendingar (eks. havnivåstiging, stormflo, overvatn og flaum) ved revideringa av HROS
- vektlegge klimatilpassing ved å legge dei høge alternativa frå nasjonale klimaframskrivingar til grunn for planlegginga
- finne gode løysingar for å redusere klimagassutslepp
- plan for naturmangfald som er under utarbeiding skal leggst til grunn for kommuneplanarbeidet
- gi særskild prioritet til tema og strategiar tatt opp i kommunens klimaplan

5. Samanhengen mellom plandokument og verksemdstyring

Kommuneplanens samfunnsdel er det øvste plandokumentet for verksemdstyring. Det kjem fram i plan- og bygningslova. Begrepet verksemdstyring omfattar styring og leiing på alle nivå, som skal sikre at kommunen løyser sine oppgåver og når fastsette mål mest mogleg effektivt innan tildelte økonomiske rammer og gjeldande lover og reglar. Heilskapleg verksemdstyring handlar om aktivt å legge forholda til rette for at kommunen skal oppnå dei ønska resultatata og unngå styringssvikt som kan true måloppnåing og omdøme. I lys av dette må dei ulike styringsdokumenta ha sin funksjon. Kommuneplanens samfunnsdel må ha ein overordna funksjon som gir alle leiarar ein trygg styringsplattform for korleis ressursane skal prioriterast. Dette konkretiserast i økonomi og handlingsplanen. Informasjon om resultat og


ressursbruk brukast til læring og forbedring, slik at dei overordna måla i den kommunale samfunnsplanen vert nådd på ein effekt måte.

Målhierarkiet i gjeldande kommuneplanen er noko uoversiktleg. Det bør difor arbeidast med detaljering av planen, slik at kommuneplanen forenklast og vert betre framstilt. Dette kan gje Ulstein kommune eit tydelegare styringsdokument.



Dagens kommuneplan tek føre seg mange tema og kvart tema har mange strategiar og mykje tekst. Hovuddelen av samfunnsdelen bør konsentrere seg om overordna mål, strategiar og ha nokre få satsingsområde.

Økonomiplanen er eit sentralt styringsdokument som omtalast tydeleg i ny kommunelov. Den skal innrettast etter overordna strategiar og satsingsområde i kommuneplanens samfunnsdel og tilpassast dei økonomiske rammene. I ny kommunelov § 14-4 er det beskrive at økonomiplanen kan inngå i eller utgjere handlingsdelen til samfunnsdelen. Handlingsdelen angir korleis planen skal følgjast opp i dei fire påfølgjande år eller meir, og reviderast årleg. I handlingsplanen operasjonaliserast dei overordna målsettingane der målsettingar og økonomi vert sett i samanheng. Dagens handlingsplanar vil dermed utgå, men kan erstattast av lokale verksemdplanar dersom det er naudsynt.



Økonomiplanen byggjer også på det dokumenterte kunnskapsgrunnlaget. Årleg vil det bli publisert oppdatert kunnskapsgrunnlag for verksemdstyring som omfattar KOSTRA-analyse, FOLK-analyse og ei PERSPEKTIV-analyse som syner dei framtidige økonomiske utfordringane i eit 10 års perspektiv.

5.1. Digitale verktøy

På sikt skal alle planar innarbeidast i det digitale verktøyet Framsikt. Dette er ei skybasert løysing for heilskapleg verksemdstyring. Der vil ein kunne få analyse, planar, mål- og resultatstyring, budsjettering, rapportering og politikarmedverknad i eitt og same verktøy.

6. Areal- og transportstrategi

Kommunens areal- og transportstrategi er ein del av samfunnsdelen og skal vere ein langsiktig og overordna plan, som legg fast prinsippa for kommunen si arealforvaltning. Ein areal- og transportstrategi kan gjere det enklare å handtere innspel til arealendringar i kommuneplanarbeidet, i tråd med ønska heilskapleg utvikling. Forslag om nye utbyggingsområde kan avvisast eller akseptrast med tilvising til om dei er i samsvar eller i konflikt med areal- og transportstrategien. Ettersom kommunen allereie har mål og strategiar for vår arealpolitikk vert det presentert forslag til slike mål og strategiar under:

- Berekraftig fortetting i sentrum og eksisterande bustadfelt
- Gåande og syklande skal prioriterast i Ulsteinvik sentrum
- Fortetting i staden for vidare utstrekking av næringsareal i Saunesmarka – «panteordning» for ubrukt areal
- Arealrekneskap knytt opp mot befolkningsutvikling og ledig bustadareal
- Samanhengande gang- og sykkelveggar
- Tilgang til grønstruktur maks 300 m frå nye bustadar
- Urørt natur skal bevarast (naturrekneskap)
- Nye bustadar skal i hovudsak lokalisrast i tilknytning til sentrum
- Ikkje nye område for fritidsbustadar i planperioden

- Nye næringsareal skal primært lokalisert til eksisterande utbyggingsområde og infrastruktur
- Utbyggingar skal tilpassast eit framtidig klima
- Konesjon og tilknytingsplikt til fjernvarme

7. Medverknad

Planoppstart og planforslaget vert sendt på høyring til overordna mynde, lag og organisasjonar og lagt ut til offentleg ettersyn, med uttalefrist på minst seks veker, jf. pbl § 11-14. Dette vert annonsert i Vikebladet/Vestposten og på nettsida til kommunen.

Ulstein kommune ønskjer at innbyggjarane skal engasjere seg i planarbeidet. Gjennom medverknad har ein høve til å påverke utviklinga av Ulstein. Det skal informerast godt om planarbeidet gjennom annonser i lokalavisa, på nettstaden til Ulstein kommune og på kommunens Facebook-side.

Det kan vere aktuelt å arrangere opne møte i samband med kommuneplanane. Møta vert i så fall annonsert på førehand, i lokalavisa Vikebladet/Vestposten og på nettsida til kommunen. Andre tiltak kan kome til undervegs. Målet er å skape engasjement og interesse kring planprosessen.

Ungdomsrådet, fellesrådet og levekårsutvalet vil få orientering og moglegheiter for deltaking om planen og planprosessen. Kommunen sin barnerepresentant vil delta aktivt i planarbeidet for å sikre at barn og unge sine interesser kjem fram i mål og strategiar.

Samfunnsdelen er ein plan som gjeld for heile kommuneorganisasjonen og som organisasjonen bør stå mest mogleg samla om og ha eigarskap til. Dei tilsette bør difor informerast og engasjerast i større grad enn tidlegare. På kommunens intranett-side kan det leggjast informasjon om planen og det kan sendast ut e-post for å be om innspel.

8. Framdrift

Følgjande framdriftsplan vert lagt til grunn for planarbeidet:

Oppgåver	Tidsplan
Politisk sak oppstart av planarbeidet og utlegging av planprogrammet	Januar 2023
Varsel om oppstart og utlegging av planprogrammet i 6 veker	Februar-mars 2023
Fastsetting av planprogrammet	Juni 2023
Arbeid med planforslag	Juni-desember 2023
Utlegging av planforslag til høyring og offentleg ettersyn 6 veker	Januar-februar 2024
Arbeid med innkomne merknadar	Februar-mai 2024
Godkjenning av kommuneplanens samfunnsdel	Juni 2024